

Volusense



Foto: Haukeland universitetssjukehus

Nesten eitt av ti barn blir fødd for tidleg. Dei fleste av dei får pustestøtte. Det har tidlegare ikke vore mogeleg å måle lungefunksjonen deira utan å legge dei i narkose eller bruke maske.

Måler pusten til nyfødde

Volusense består av eit måleinstrument og ein vest barnet har på seg. Teknologien er ikkje-invasiv. Det vil seie at den målar lungefunksjon utanpå kroppen og skapar ingen ubehag. På ein skjerm kan helsepersonell analysere pusten til barnet.

Knytt til fagmiljø

Utviklinga av Volusense har skjedd i nært samarbeid med legar og sjukepleiarar ved Barneklubben på Haukeland universitetssjukehus.

Haukeland universitetssjukehus og Barneklubben har ingen kommersielle interesser knytta til samarbeidsprosjektet.

Godkjend i Europa

Volusense held til i Bergen. Babyvesten blir produsert i steril produksjonslinje ved Janusfabrikken på Espeland. Produksjonen av måleinstrumentet går føre seg i Stockholm. Instrumentet er CE-godkjend for sal og marknadsføring i Europa.



Finansiering

40 millionar kroner har utviklinga av Volusense kosta frå oppfinning til ferdig produkt. Volusense er støtta via Innovasjon Norge og SkatteFUNN.

Blant privatpersonar som har investert i Volusense er Herman Friele og Egil Skibenes. Største eigar er såkornfondet Sarsia Seed.

Kontakt

www.volusense.com
Thormøhlensgate 51, Bergen
e-post: rianne@volusense.com

